

*Siælens
Sang-Offer*

Siælens Sang-Offer

☛ *Siælens Sang-Offer* er ei samling salmar og oppbyggjelege songar som kom ut i 1687. Boka var skriven av bergensdikta- ren Dorothe Engelbretsdotter og kom ut i over tjue opplag.

☛ *Siælens Sang-Offer* er den første boka av ein norskfødd forfattar som blir trykt i Noreg.

☛ Dorothe Engelbretsdotter er ein ty- pisk representant for den barokke stilen. Kontrastar, overdrivingar og sterke bilete pregar salmane hennar.

☛ Trass i at uttrykksmåten kan verke svulstig somme gonger, skriv ho òg mange dikt der språk og vers flyt naturleg og er lette å hugse.

☛ I dikta til Dorothe Engelbretsdotter er det personlege gudsforholdet viktig.

Mennesket er underkasta Guds allmakt, og salmane skal hjelpe folk til å få eit meir inderleg forhold til Gud og minne dei om å leve rett.



Omslag frå førsteutgåva av *Taare-Offer*, eit anna verk av Dorothe Engelbretsdotter



Her kan du høyre meir om Dorothe Engelbretsdotter

Tema i salmane



☞ Eit gjennomgåande tema i salmane frå *Siælens Sang-Offer* er ønsket om å få øve bot. Temaet er typisk for mykje av den barokke diktinga. Det kjem av at krig, nød, sjukdom og død pregar liva til mange menneske på den tida, og all ulykke blir tolka som Guds straff for misgjerningar.

Mennesket er syndig, og det finst alltid noko å angre.

☞ *Kjære sjel, kom det i hu
Og bekjenn i dette nu
At du som et Adams barn
Henger fast i Satans garn.*

(Frå «Afften-Sang»)

☞ Eit anna sentralt tema i barokk dikting er at menneskelivet skal forgå. Alt verdslig er forgjengeleg, og det har menneska smerteleg fått røyne. Dei må derfor setje sin lit til Gud og håpe på eit liv utan sorg og nød etter døden. Siste strofe av «Afften-Sang» lyder slik:

*Alle verdslig ting forgår.
Jeg til herlighet oppstår,
Når Gud ved basunens lyd,
Kaller meg til evig fryd.*

☞ *Påskesalme av Dorothe
Engelbretsdotter*

Sjangeren

☞ Salmar er songar med religiøst innhald som blir sungne under gudstenester og i andre religiøse samanhengar.

☞ Formålet med salmane er å styrkje folk i trua. Derfor er det viktigare at publikum kjenner seg att i salmane enn at salmane er originale og nyskapande.

☞ På 1600-talet er salmane den vanlegaste brukslyrikken. Mange menneske på den tida kan ikkje lese, men så godt som kan salmane utanåt.

☞ Salmar blir gjerne laga til populære verdslege melodiar. Allereie på 1500-talet tok Martin Luther i bruk kjende melodiar og laga salmar til dei.



Julesalme av Dorothe Engelbretsdotter



Dorothe Engelbrets- dotter i samtida



☛ Dorothe er den første kjende kvinnelege dikteren i Noreg. På 1600-talet er det framleis nokså utruleg at ei kvinne skal vere diktar. Det er menn som driv med den

slags, er den vanlege oppfatninga. Men Dorothe har stor respekt i samtida, og samtidige forfattarar som Petter Dass og Thomas Kingo sette stor pris på diktinga hennar.

☛ På 1600-talet er det ikkje vanleg at diktarar greier å leve av diktinga si, verken menn eller kvinner. Dorothe klarer det, i alle fall i ein lang periode. Dette vekker misunning hos somme menn, som påstår at ho ikkje har skrive dikta sine sjølv. Men Dorothe veit å forsvare seg. Ho seier at dei som skuldar henne for dette, burde «setjast i karantene på ei audsleg øy eller kastrerast»!

☛ Også elles viser ho seg som ei handlekraftig kvinne. Mellom anna finn ho seg ikkje i at boktrykkjarar piratkopierer verka hennar. Mot slutten av livet sitt får ho også fullt skattefritak av kongen.



